

# Turar på Harpefossen

## Rundtur Tippaskogen. 8 km – 2 t

Turen går delvis på den verna Trond-hjemske Postveg mellom Nordfjord og Sunnmøre, og over fleire gamle setervollar i Hjelmelandsdalen. Dette, og den gamle steinbrua over Ljosurelva og merkesteinane lags Postvegen, gjev turen eit kulturhistorisk tilsnitt. Dette er ein rundtur på grus- og skogsveg i relativt slakt skogs- og fjellbeitelandskap. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

## Rundtur Blåsvenyken og Lidavarden. 11 km – 4 t

Rundturen gir en mangfaldig oppleveling; setermiljøa på Nakkesetra og Tippasetra, den fredelige Tippadalen, kneika opp til Blåsvednyken som nesten byr på klyving, storslagen utsikt mot Ålfotbreen i sør og deler av Sunnmørsalpane i nord, samt Nordfjorden og ned i Hjelmelandsdalen. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

## Rundtur Slåttefjellet. 9 km – 3 t

Slåttefjellet er ein topp med god utsikt i alle retningar, men samstundes ein lett topp å kome til heilt frå botnen av dalen. Denne rundturen går gjennom idylliske setremiljø, gjennom bjørk- og furuskog til høgfjellsterreng, for så å returnere gjennom den slake og fredelege Tippa-dalen. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

## Harpefossen til Fossane. 5 (9) km – 2 (3) t

Denne enkle turen går frå Harpefossen til Fossane som ligg rett i overkant av Nordfjordeid sentrum. På denne turen får ein mellom anna oppleve idylliske setremiljø, frodige dalar og høgfjellsterreng. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

## Rundtur Storegga. 7 km – 2 t

Lett tilgjengelig topp som likevel gjev euin luftig følelse og svært god utsikt i alle retningar. Passar fin som ettermiddagstur for å sjå sola gå ned i havet. Frå Storegga er løypa merka ned på nordsida rundt fiskevatna Storeggvatnet og Kjenndalsvatnet. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

## Furehogane til Bakke. 10 km 4 t

Turen går i fyrste halvdel i variert fjellterreng, medan siste halvdel ned mot bakke er på skogsbilveg. Innhaldsrik tur forbi mange fiskevatn, små fjelltoppar, lans elvar, fossefall, demneingar og den storlåtte naturen ned gjennom Kloven. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

## Rundtur Kloven. 14 km – 5 t

Turen går frå Harpefossen opp til Furehogane og vidare i variert fjellterreng over til Kloven og ned til Nesbakken kor ein fylgjer bygdevegar og skogsbilvegar tilbake til utgangspunktet på Harpefossen. Dette er ein innhaldsrik tur forbi mange fiskevatn, små fjelltoppar, langs elvar, fossefall og demningar og den storlåtte naturen ned gjennom Kloven. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

## Furehogane til Sandegga. 6 km – 5 t (t/r)

Sandegga 1272 m.o.h. (Klakken) er ein av dei høgaste fjelltoppane i området, men likevel lett tilgjengelig med relativ slak oppstiging og ikkje noko form for klatring. Utsikta er spektakulær med utsyn fjorden, havet Sunnmørsalpane og breane, over mot den nærmaste fjelltoppen Felden og rett ned i Lauvdalen. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

### **Rundtur Ljøsuregga. 9 km – 4 t**

Ljøsuregga er den høreste toppen ein ser frå Hjelmelandsdalen. Trass spektakulære stup og egg over til Store Toren på nordsida, er toppen relativt lett tilgjengelig frå vestvia Kjenndalen. Namnet på toppen kjem av at fjellet består stort sett av ur, men utsikta frå toppen er vel verd turen. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

### **Rundtur Brekkelida. 6 km – 2 t**

Dette er ein typisk familietur som kan gjennomførast i all slags ver, gjerne kombinert med sykkel. Mesteparten av turen går langs den idylliske Trondhjemske postveg, men med ein fin avstikkar rundt Brekkelida kor ein har flott utsikt over Hjelmelandsdalen. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

### **Rundtur Krokane. 3 km – 0,5 t**

Dette er ein flott ettermiddagstur eller ein koseleg familietur med små born. Turen går både på grusveg og barklagde stiar, og om vinteren er det preparert skiløype langs ruta. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

### **Rundtur Grønelida. 7 km – 2 t**

Dette er ein variert, men likevel enkel tur, som går både på grusveg, sti og i terrenget. På turen får ein oppleve idylliske setremiljø, hyttefelt og grøne liser. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

### **Rundtur Grimeskaret. 14 km – 5 t**

Dette er den lengste turen som er merka frå Harpefossen, og løypa innbyr til varierte naturopplevelingar. Først gjennom setremiljø og gjennom den fredelege Tippadalen, vidare langs Fossevatnet over til det ville Grimeskaret kor ein finn idylliske fiskevatn, luftige stiar og grøne liser med beitande sauher høgt til fjells, før turen avsluttast langs postvegen. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

### **Skisenteret rundt. 7 km – 2 t**

Turen rundt skisenteret er ein relativt kort tur, men likevel med mange høgdemeter (500). Turen går opp til toppen av fjellheisen, kor det er god utsikt over dalen og fjorden, mens turen ned går via skitrekket på Furuhogane og hyttegrenda. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)

### **Furehogane til Steinegga. 4 km – 2 t (t/r)**

Frå vinterfeien til påske er det køyrt opp skiløype med trakkemaskin, men turen går i høgfjellet og du bør vere utrusta i forhold til vær og føre, og vurdere både fjellski og utstyr i forhold til dårlig vær. [Last ned turbeskrivelse med kart](#)